



Årsmelding

for

Sveio Orienteringslag

2015



Ihuga deltakarar under årets Finn-Fram-dag.

Resultat av valet under årsmøtet 5. mars 2015:

Hovudstyret:

Thomas Førde, attval for 1 år

Kristian Førde, ikkje på val

Kjetil Fiskå, ikkje på val

Karl Inge Instefjord, ny, 2 år

Astrid Førstund, attval, 2 år

Geir Milford, 1. varamedlem, attval, 1 år

Hjørdis Kallevik, 2. varamedlem, attval, 1 år

Hjalmar Lokna 3. varamedlem, ny 1 år

Turorienteringsutvalet:

Thomas Førde, leiar, attval, 1 år

Olaug Fagerland, attval 2 år

Astrid Førstund, ikkje på val

Leif Grutle, attval, 2 år

Karl Inge Instefjord, ikkje på val

Øystein Opedal, attval, 2 år

Oddbjørn Valen, ny, 2 år

Revisor:

Jostein Ottesen, attval, 1 år

Styret si innstilling:

Utendingar til Rogaland O-krets sitt ting: Kjetil Fiskå og Thomas Førde

Utendingar til årsmøte i Sveio Idrettsråd: Astrid Førstund og Øystein Opedal

Utendingar til årsmøte i Førde Samfunnshus: Karl Inge Instefjord, vara Hjalmar Lokna.

Astrid Førstund, vara Thomas Førde

Valnemnd for 2015/2016:

Egil Lokna, attval 1 år.

Styret får i fullmakt av årsmøtet å supplera valnemnda med eit medlem.

Styret har representert laget i følgjande møte gjennom fjorårssesongen:

Kjetil Fiskå deltok under Rogaland O-krets sitt årsmøte i februar. Astrid Førund og Øystein Opedal var SOL sine utsendingar under årsmøtet i Sveio Idrettsråd i mars. Kjetil representerte dessutan laget under terminlistemøte for klubbane i Nord Rogaland i januar i 2015. Astrid Førund og Karl Inge Instefjord deltok som SOL sine utsendingar til årsmøtet i Førde Samfunnshus. Medlemstalet i Sveio O-lag var per 31.12.2015: 70 betalande medlemmer mot 75 eit år tidlegare.

Kartarbeid

Det hittil siste store nye løftet på kart-fronten har vore o-kartet over Ryvarden-marka. Kartet har etter lanseringa under VM i 2013, blitt flittig brukt både til turorientering og til konkurranseorientering. Kartet kan brukast minst like flittig i dei næraste sesongane ettersom kartet dekker eit stort og variert terreng.

Endeleg rekneskap for prosjektet blei utarbeida våren 2015 og revidert og godkjent av vår eigen revisor. Dernest blei rekneskapen oversendt til Sveio kommune og til Lotteritilsynet saman med søknad om refusjon av moms som me hadde forskottert i arbeidet med prosjektet. Saman med godkjent sluttrekneskap blei det via kommunen og søkt om sluttutbetaling av spelemidlar frå fylkeskommunen.

Dette førte til at me i løpet av andre halvår 2015 fekk utbetalt til saman kr. 53 000 i form av momsrefusjon og i januar 2016 kom resten av spelemidlane til prosjektet, kr. 20 800 (sjå elles rekneskapet)

I Sveio kommune sin plan for bygging av idrettsanlegg saman med prioriteringslista for framtidige anlegg som skal kunne få spelemidlar, har Sveio O-lag spelt inn nokre aktuelle kart-prosjekt, som kan få status som nærmiljøanlegg og dermed koma inn på rett prioriteringsliste: Våre framlegg er: Sveio sentrum, Valevåg, Førde, Lauvneset-Austvik og Moldbrekke, Haukås.

Eigne arrangement

Konkurranseorientering


Nær-o-løp

Sveio O-lag arrangerte eit suksessrikt nær-o-løp i Mølstrevåg tysdag 26. mai. 84 deltakarar frå Fitjar i nord til Karmøy i sør stilte til start. Det er ei stund sidan eit nær-o-løp samla så mange deltakarar i vårt distrikt. Fire ulike løyper blei laga av Kjetil Fiskå og Thomas Førde i spennande og ope o-terreng. Mange gode tilbakemeldingar kom frå deltakarane, både når det gjaldt kart, terreng og løyper.

Bedrifts-o-løp

Torsdag 20. august, i flott sommarver, stilte 40 o-løparar til start ved Mølstrevåg. Kjetil Fiskå og Thomas Førde laga to løyper til arrangementet; ei løype på 3 km og ei løype på 2 km. Kjetil hadde hovudansvaret for gjennomføringa av arrangementet.

Deltaking i andre arrangement



Sveio O—lag hadde fem deltakarar i årets O-ringen, fem dagars tevling i Sverige, i Borås. Byen var pynta til fest og Elfsborg sin stadion blei tatt i bruk på fjalnedagen som målarena.

For 51. år på rad blei femdagars o-løpet, O-ringen, arrangert i Sverige. SOL sendte fem deltakarar (Astrid, Sunniva, Kristian, Bjørnar og Thomas) til denne jubileumstevlinga, som gjekk føre seg i ok sommarver i Borås. Ei flott oppleving for alle dei meir enn 20 000 som deltok. Andre løp: Me har og hatt løparar som deltok i nærløp og bedrifts-o-løp på Haugalandet og på Nord Jæren.

Turorientering

I 2015-sesongen kunne me mellom anna tilby tur-o-postar i liane opp frå Einstabøvoll til Valesåto og nordover mot Haugsjerd. Eit høveleg utgangspunkt for turane var parkeringsplassen ved Kleivo grendahus. Ved Førde kunne tur-o-folket boltra seg i terrenget sørover i retning Joavatn i retning Lier og Lierfjell. Denne sesongen var her sett ut 13 postar, som kunne nåast med start frå Førde, frå Ålfjordvegen eller frå Lier.

I marka sørover frå Auklandshamn skule var lagt ut 12 postar som kunne besøkjast med utgangspunkt i tydelege stiar. Laget sitt nyaste kart, Ryvarden-marka, blei i 2015-sesongen godt utnytta med 15 postar i det opne turterrenget. Postane vart lagt ut som tre turar; ein tur med utgangspunkt i Lyngholm, lengst nord på kartet, ein tur på midten frå Vandaskog i aust og ein tur i sør med utgangspunkt i Mølstrevåg.

Start og slutt: Startskotet for årets tur-o-sesong gjekk søndag 29. mars. Alle dei 50 postane var merka med sirkel på kartet. Alle desse 50 postane stod ute og klar til å ta imot besøk utan pause heilt fram til 25. oktober.

Postkasse og premie: To postkassar var sette ut i terrenget fordelt på to av dei 50 postane. Her er det høve til å skriva namnet sitt i ei bok og vera med på trekning av premiar.

Kaffipost blei halden søndag



31. mai då sola skein over SOL sin Kaffipost i idyllisk kulturlandskap på Vandaskog. Fleire av dei besøkande nytta også søndagen til å besøkje fleire tur-o-postar i det opne turterrenget blant knausar og idylliske små vatn i Ryvarden-marka. Om lag 50 turorienterarar besøkte Kaffiposten.

Foto-orientering

Foto-orientering har gjennom fleire år blitt eit ettertrakta del av Sveio O-lags tilbod om turorientering. Foto-o går ut på å finna att detaljbilete som er gjengitt på eit ark ved sida av innteikna postar på kartet.

Foto-orienteringa var i 2015 lagt til Sveio sentrum og til Førde sentrum. I Førde gjekk løypa langs den idylliske bade- og rasteplassen ved Prestabryggjo og vidare langs strandpromenaden til idylliske Rex Garden. Parken nær bustadfelta Lauvneset og Solheimslio, er blitt utvida fleire gonger med fleire nye stiar, planter og skulpturar. Ein arena for flott tur-oppleving for heile familien.

Dette har vore eit populært tiltak. Svært mange sende inn svar på oppgåva frå foto-o. Alle dei innsendte svara var med i trekkinga om premiar ved sesongslutt.

Kulturminnepostar

Ved einskilde av tur-o-postane blei det sett opp info-tavler om aktuelle kulturminne på staden. Desse tekstane frå oppslagstavlene låg også på O-laget sine heimesider.

Tur-o på nett

Heile tur-o-tilbodet til Sveio O-lag har gjennom sesongen vore presentert på Norges Orienteringsforbund sine nettsider, www.turorientering.no. Her kunne kvart enkelt kart med innteikna postar lastast ned og skrivast ut. På nettsidene kan også våre tur-o-deltakarar registrera seg og leggja inn sine besøk på dei ulike postane. SOL har gjort alle turane i tilbodet om Nær-Trim/Barnas Tur-O og Foto-O tilgjengeleg og nedlastbart på nettet. Besøk ved alle desse postane og ved alle dei 52 postane i familietur-o, kan registrerast på nettet.

For denne tilrettelegginga blei laget premiært med kr. 10 000 frå NOF.

Sal og marknadsføring

Salet av Tur-o-konvoluttar blei bra i 2015-sesongen. Me hadde rett nok ein nedgang frå året før, men det kan forklarast med litt svikt i etterspurnaden frå bedriftskundar.

Likevel selde me totalt 142 (158) konvoluttar, 95 (106) familiepakkar og 47 (52) Nærtrim /Barnas Tur-o. Utsalsstadene våre denne sesongen var Haukås bensinstasjon, Servicetorget i Sveio kommunehus, Førde dagligvare, Auklandshamn handel og Valevåg dagligvare. I tillegg blei det også i år selt konvoluttar direkte til bedrifter. Sterk innsats frå medlemmer i tur-o-utvalet når det gjeld sal av sponsorannonser er dessutan ein viktig del av både marknadsføring og økonomiarbeidet i tur-o-tiltaket vårt. I tillegg har me annonsert tilbudet i Vestavind og i Haugesunds Avis. Men den aller beste marknadsføringa av tur-o-tilbudet er når medlemmer, tillitsvalde og brukarar framsnakkar tilbudet vårt.

Finns Fram dagen



Speed-orientering i regi av SOL samla 50 deltakarar.



Start og mål for rundløypa under Finn Fram dagen på Strando.



Valestrand søndagsskule ville kåra søndagens sterkaste pappa.



Førde-speidarane og Bua-speidarane kunne tilby m.a. kanopadling på sin stand.



Godt humør på standen til Sisu 4H.

Det var knapt ein ledig parkeringsplass å oppdriva i Førde søndag 30. august under årets Finn Fram dag i regi av Sveio O-lag. Meir enn 200 deltakarar prøvde rundløypa frå Prestabryggjo til Rex Garden. Langs løypa var sett ut postar med o-tekniske oppgaver. På kvar post var dessutan aktivitetar som ulike lokale friluftslag stod bak.

Fleire organisasjonar kunne dessutan tilby servering. Same dagen hadde Sveio Kystlag stort kystsogearrangement på Kaien. Førde-bygda hadde dermed fleire attraksjonar å by på denne strålande august-søndagen.

Pilkast- konkurransen i Rex Garden var inndelt i tre klassar, barn, ungdom og vaksne.

Dei tre klassevinnarane blei: Alexander Opedal, Lars Kristian Oa og Stig Øyvind Hagen.

Blant dei 64 deltakarane i «speed-orientering» blei Håkon Sveen Lothe trekt ut som premievinnar.

Alle deltakarane i rundløypa under Finn Fram dagen deltok i trekkinga av ein premie som gjekk til Iselin Helgesen. Dei registrerte deltakarane under søndagens kaffipost hos Sveio O-lag var også med i loddtrekking om ein premie. Her vann Rebekka Undheim.

Valestrand søndagsskule kåra søndagens sterkaste mamma og pappa. Dei to sterkaste denne søndagen var Jofrid Valen og Sigve Haugland.

Sveio Turlag arrangerte kviss med spørsmål frå lokal geografi. Lilly Krunenes og Svein Magnus Tveit fekk begge fullt hus (10 poeng), medan Ruth Eriksen, Jens Aksdal, Egil Lokna og Bjørn Kristian Kallevik hadde alle ni rette svar.

Finn fram dag i Rex Garden



Søndag 30. august, kl. 12—15

Start frå Prestabryggjo/Strando i Førde.

Aktivitetsdag i friluft for heile familien.

Enkel turløype. Speed-orientering. Instruksjon i bruk av kart og kompass. Pilkast, kajakkpadling, hesteskokasting, volleyball og tippekonsurransse. Kåring av søndagens sterkaste mamma og pappa. Premiar til alle som deltar.

Sal av villmarkspølser, pinnebrød, kaker, kaffi og saft.

Medarrangørar: Sveio Turlag, Sisu 4H, Førde-speidarane, Bua-speidarane.

Valestrand søndagsskule og Sveio Kystlag

Hovudarrangør: Sveio O-lag

«Friluftskonsulen» serverer fiskesuppe

Ordføraren serverer suppe på Prestabryggjo frå kl. 12.00 og inviterer til vandring i Rex Garden frå kl. 13.00.



Nå er det din tur!

Kystsogevøkene:

Kl. 15.00: Festen held fram med grilling og underhaldning på Kaien.

NB! Parkering nedst i Førde sentrum.

Derifrå skjer alle arrangement innan gangavstand.



Annonsen i Vestavind for Finn Fram-dagen 2015 og for dei andre arrangementa i Førde same dagen.

Utdeling av gull og heider

Gjennom 20 sesongar og besøk ved minst 1000 ulike postar har Bjarne Hetlesæter, Sigmund Enerstvedt og Kjell Inge Knutsen gjort seg fortent til 20 årsplaketten i Sveio O-lags turorientering. Meir enn 90 plaketter og merke blei delt ut under årsavslutninga i Førde Samfunnshus torsdag 12. november.



Bjarne Hetlesæter og Sigmund Enerstvedt med kvar sin 20 årsplakett. Kjell Inge Knutsen var ikkje til stades under utdelinga.



Unge gullvinnarar: Frå venstre Joakim Sveen, Malin Sveen, Sofie Hansen, Trym Spilde og Endre Hetlesæter.



Gullvinnarar i Barnas Tur-o: Sofie Hansen, Mikkel Odd Sandaker og Eskil Spilde.

Utstyr

Løpsdrakter blei produserte av Trimtex i 2010 etter vårt design og blei selde til medlemmene for kr. 300 (for vaksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre løpsdrakter på lager.

Overtrektdressar: Det ligg også nokre overtrekksdressar på lager etter fornyinga i 2009.

T-skjorter: I samband med at SOL arrangerte DM Vest og at me tok i bruk nytt kart markerte me desse storhendingane gjennom å spandera på oss nye T-skjorter med påtrykt klubblogo. T-skjortene blei tatt i bruk til alle funksjonærene under DM-Vest. Me har mange igjen på lager ettersom me kjøpte 100. stk.

Telt: Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, denne gongen i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement.

Klubbfana: For første gong skaffa klubben seg lagsfane eller klubbflag i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio Olags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland.

Premie-/gavekrus med klubblogo og namn: Me har i lengre tid drøfta trongen for gåveartiklar og premiar med klubblogoen på. I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me har investert i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år kan spreia med glede til dei som fortener det. Storparten av desse premiane blei delte ut under to-dagars DM Vest på Vandaskog.

Skulebrikker: Til elektronisk tidtaking i enkle stemne utan bruk av PC har SOL nå to klassesett med ekt-brikker. Mange av desse ser diverre ut til å ha mista energien og er blitt inaktive og kan dermed ikkje brukast meir.

Konkurranserbrikker: SOL disponerar ca 20 EKT-brikker.

Fingerkompass: Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gildefondet.

Vanlege kompass: Eit klassesett

Kart:

Ryvarden-marka 1: 10 000 5 m ekv. Ferdig 2013

Tittelsnes Festningen 1: 10000 Årstal ferdig 2009/10

Valestrand skule 1: 2000 2009/10

Einstadbøvoll 1: 10 000 2009/10

Einstadbøvoll 2 1: 5000 2009/10

Auklandshamn 1:10 000 2004

Auklandshamn skule 1: 5000 2004

Slettene 1: 5000 2004

Førde 1:10 000 1998

Førde nærkart 1: 10 000 2003

Førde nærkart 1: 5 000 2003

Førde Prestabryggjo 1: 5000 2006

Lier 1: 10 000 2006

Førde skulekart 1: 2000 2006

Auklandshamn skulekart 1: 2000 2006

Valestrand 1: 15 000 1973

Kart/løypeteikningsprogrammet: OCAD 11

Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga: (Laget gjorde monaleg omfattande investeringar i postutstyr til DM Vest) Ca 100 postskjermar i bra stand. Dertil hadde laget ved årsskiftet EKT postutstyr til alle postar med kodenr. frå og med 100 til og med 176. I tillegg har åtte startpostar (Null-postar) og dobbelt sett av postane 100, 110, 120 og 130., pluss post nr. 97.

Tidtakarutstyr: MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar. Lisens til tidtakarprogrammet E-timing.

Sveio O-lag på nettet

www.sveiool.org

www.facebook.com/sveiool

Kristian S. Førde har utvikla og vedlikeheld laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar mulegheiter for frodig bruk av bilde og for resultatlister frå eigne arrangement og frå andre arrangement somme har deltakarar i, blir lagt ut på heimesidene våre. Nett-ansvarleg Kristian. Han er og IKT-ansvarleg under laget sine arrangement.